

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

Dato	26.04.2023
Vår referanse	2023/55370-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sara Nordahl
E-post	Sara.Nordahl@vlfk.no
Telefon	47781805

Att.Marianne Sæveraas

**Uttale – fv. 565, fv. 5502, fv. 57, fv. 5466, fv. 5474, fv. 5476 - Nordhordland
Rundt søndag 14. mai 2023 – Alver kommune**

Viser til motteken sak 23.03.2023

Saka gjeld

Saka gjeld sykkelritt Nordhordland Rundt som skal arrangerast søndag 14. mai 2023 mellom klokka 8:30 og 14:00. Vestland fylkeskommune si uttale i dette brevet gjeld utelukkande fylkesvegnettet.

Frå 01.01.2020 er mynde i samband med arrangement på fylkesveg delt, slik at fylkeskommunen må gje løyve/samtykke til bruk av vegareal på fylkesveg, medan Statens vegvesen må gjere vedtak om eventuelle vegstenginga og offentlege trafikkskilt eller andre trafikkgulerande tiltak. Arrangementet og ev. trafikkguleringar må også avklarast med Politiet.

Samtykke

Vestland fylkeskommune gir med dette samtykke til at sykkelrittet Nordhordland Rundt nyttar fv.565, fv. 5502, fv. 57, fv. 5466, 5474, fv. 5476 – frå kl. 8:30 – 14:00 den 14.05.2023

Vedtaket blir gjort på følgjande vilkår:

- Vedtak om stenging av vegen og bruk av offentlege trafikkskilt eller andre trafikkgulerande tiltak må gjerast av Statens vegvesen. Dette samtykket frå fylkeskommunen gir ikkje løyve til stenging av vegen eller bruk av offentlege trafikkskilt.
- Politiet må gi samtykke/løyve til arrangementet, og arrangøren må rette seg etter ev. pålegg dei gir.
- Det er mogleg pågåande arbeid langs ritttraseen fleire stadar. Arrangør er sjølv ansvarleg for å kontakte Tor Høyland (tor.steinar.hoyland@vlfk.no) eller Trond Hollekim (trond.hollekim@vlfk.no) for å avklare korleis arrangement kan samkøyrast med pågåande arbeid dersom det er sett i gang. Arrangør må også kontakte Andreas Knarvik Kolås (andreas.knarvik.kolas@vlfk.no) for anna arbeid som må takast omsyn til.
- Innsendt dokumentasjon syner til at pulje nr. 2 med ryttere skal starte i busslomme ved Vågseidet. Vi understrekar at all buss- og kollektivtrafikk skal gå som vanleg medan rittet vert arrangert. Tilkomst til busshaldeplass skal også vere tilgjengeleg heile tida. Arrangør kan difor ikkje nytte busslomme som startområde verken ved Vågseidet eller andre stadar.

- Arrangør er ansvarleg for å treffe alle nødvendige tiltak for å gi god tryggleik for alle frivillige, deltakarar og publikum under arrangementet, dette gjeld også under opp- og nedrigging.
- Alle former for arbeid på og ved offentleg veg krev godkjent arbeidsvarslingsplan
- Vegoppmerking på offentleg veg ved start, mål eller til andre føremål, er ikkje tillate.
- Fylkeskommunen stiller vegen og vegutstyr til disposisjon i den stand den er på arrangementsdagen. Arrangøren må gjere seg kjend med vegen sin tilstand og ev. vegarbeid. Vegutstyr må ikkje brukast på ein slik måte at det vert skadd.
- Arrangøren må syte for at boss, tomme flasker og ulike innretningar i samband med arrangementet blir fjerna utan ugrunna opphald.

Dette samtykket tar ikkje stilling til eventuell reklame og/eller installasjonar som gjerder, målportalar og liknande i samband med arrangementet. Reklame og slike installasjonar langs fylkesveg krev særskild søknad og sakshandsaming, jf. reglane i veglova §§ 33 og 57.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Sara Nordahl
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift